



Det stilte opp fire uskedelinger i konkurraneklassa, som her er klar til start. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det usikre og ruskete veret la ein sterk dempar på det 27. Kvinnheradløpet i Rosendal søndag, der det også var eit innslag av uskedelinger både i turklassa og i konkurranseklassa. Løypa var ni kilometer.

Det stilte opp 462 i turklassa og det var færre enn på svært mange år. I konkurranseklassa stilte berre 29 og det var tangering av botnrekorden frå i fjor.

Det var Terje Aggvin frå Gular (fødd 1974) som var raskast i konkurranseklassa med 30,02 medan Ståle Vange frå Varaldsøy (fødd 1973) vart andremann med 33,52. Uskedelingen Ole Vidar Monsen (1982) var den tredje raskaste med 35,25.

Det var også fleire frå Uskedalen med:

Yngve Myhre (1981) kom inn på 39,13, Kurt Haugland (1955) på 40,49 og Tormod Myklebust (1950) på 45,00.

Marit Årthun frå Matre (1968) var raskast av damene med 37,55 foran Margunn Eik frå Rosendal (1971) og Anne Lise Bringedal frå Rosendal (1942) med 52,19.